

Mål og handlingsplan for Open Møteplass pr mars 2017:

Om Open Møteplass

Arbeidet vart starta opp i 2010, då kyrkjeyden første gong leigde eit lokale for ulikt kyrkjelydsarbeid. Open Møteplass har halde fram i alle åra fram til i dag, først i «Rema-bygget», så i Nordgardsløa og frå hausten 2015 i Møteplassen på Frekhaug torg.

Mål:

Vera eit lågterskel-tilbod der menneske med ulik bakgrunn vil trivast

Vera ein møteplass for gode samtalar og relasjonsbygging

Open Møteplass har 26 frivillige medarbeidarar

Det har open kvar mandag, onsdag og torsdag frå 11.-14.00. Har pause i jule-,påske- og ca ein måned i sommarferien.

To medarbeidarar har «vakt» kvar gong.
Serveringa er til vanleg kaffi, te og vaflar.
Det er lokalaviser og blad tilgjengeleg.

Frå hausten 2015 kom det i gang ei styringsgruppe for arbeidet, tidlegare har det vore ein person som har stått i bresjen for arbeidet åleine. Arbeidet med å rekruttere medarbeidarar er kontinuerleg. Frå hausten 2015 vert det med jamne mellomrom kalla inn til medarbeidarsamlingar for Open Møteplass for inspirasjon og utveksling av informasjon/opplæring.

Frå hausten 2016 har det vore ein merkbar auke i oppslutninga om tilbodet, både av «faste brukarar» og meir sporadiske gjester.